

Lokal plan: Tru:D Trusopplæring i Moster sokn

Sokn

Moster

Kva har kyrkjelyden som hovudmål for trusopplæringa?

Barn og ungdom på Bømlo møter ei raus og tydeleg kyrkje. Gjennom Tru:D får barn og ungdom hjelp til å leve livet i tru, håp og kjærleik. Målgruppa skal kunne seie: "Eg er døpt og trur på Jesus. Eg høyrer heime i kyrkja."

Grunnlag og særpreg

Bømlo er ein øykommune som ligg heilt ut mot havet midt mellom Bergen og Stavanger. Innbyggjartalet i Bømlo ligg rundt 12 000, og ca 9 700 av innbyggjarane er medlemmer av Den Norske Kyrkja. Rundt 140 barn vert borte til dåpen på Bømlo kvart år.

Bømlo består av fleire tettstadar og er delt inn i fire sokn. Dette er Bremnes, Lykling, Moster og Bømlo. For tre av kyrkjene er det relativt korte geografiske avstandar mellom kyrkja og folket, medan det største soknet har litt større avstandar. Dei fire kyrkjene i eininga vår er gamle tradisjonelle kyrkjebygg. Berre den eine kyrkja har eit tilleggsrom i tilknytning til kyrkjerommet.

Den største tettstaden på Bømlo er Svortland. Svortland ligg i Bremnes sokn, lengst nord på Bømlo. Her finn ein blant anna rådhus, handelssenter og kulturhus. Andre tettstadar er Rubbestadneset (nord-aust), Moster (sør-aust) og Langevåg/Bømlo (sør-vest).

Det er til saman ti skular på Bømlo. Seks reine barneskular, tre kombinerte barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule på Bremnes. I Moster sokn ligg Foldrøy skule (desse flyttar over til ungdomsskulen på Bremnes) og Moster skule. I Lykling sokn er det ein barneskule, elevane flyttar over til ungdomsskulen på Bremnes. I Bømlo sokn er det Espevær skule og ein Hillestveit skule. I Bremnes sokn er det Rubbestadneset skule, Gilje skule, Meling skule og Svortland skule, elevane flyttar over til ungdomsskulen på Bremnes. Totalt er det ca 1700 barn og ungdomar i grunnskulen. Det er i tillegg to vidaregåande skular. Ein ligg på Svortland, og den andre i Rubbestadneset. Bømlo folkehøgskule er i Lykling sokn, Bømlo vaksenopplæring er i Bremnes sokn.

Bømlo er ein aktiv kommune på svært mange område. Her er mange idrettslag. Omlag 500 barn er med i kulturskulen, som og inneheld teater- og dansegrupper. I tillegg er Bømlo Teater aktiv innan kultur. Her er også eit stort spekter av tilbod frå diverse barne- og ungdomsorganisasjonar, KRIK, søndagsskular, fleire kor og nokre speidargrupper. Mange av desse vert nytta som miljøtiltak for konfirmantane.

Det er ein svært sterk bedehuskultur på Bømlo og nokre godt etablerte frikyrkjer. Mange engasjerer seg rundt sitt nærmiljø. Det er difor viktig for kyrkjelydane våre å vidareføre eit godt samarbeid med eksisterande barne- og ungdomsarbeid. Det er utfordrande å få med frivillige til å drive tiltaka. Det er også verd å nemne at Moster har ei svært spesiell rolle i norsk kyrkjeehistorie. Annakvart år vert det sett opp eit spel i Moster Amfi om «Kristkongane på Moster», som tek for seg kristninga av Norge. Då kristendommen kom til landet, kom han først til Moster, og her vart Kristenretten sett i 1024.

Korleis vil de organisere dykk for ei fornya trusopplæring?

Som nemnt i «Grunnlag og Særpreg» er Bømlo delt i fire sokn. Kvart av dei har sitt sokneråd med ansvar for verksemda i soknet; trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Kvart sokn har valt ut ein representant (med unntak Bremnes har to) til å sitje i eit felles trusopplæringsutval. Dette utvalet jobbar med å få på plass planar og visjonar for ei fornya trusopplæring. Våren 2013 vert det oppretta lokale utval i kvart sokn. TOL-utvalet i sokna vert sett til å gjennomføre tiltak som fellesutvalet har lagt til grunn. Ein kyrkjelydspedagog er medlem i kvart utval. Sjå vedlegg Oppgåver for lokale trusopplæringsutval. I to av sokna er det samrådsmøte to gongar i året. Her vert samarbeidet mellom kyrkja og bedehusa drøfta.

Det er tre kyrkjelydspedagogar på Bømlo. Desse har som hovudansvar å utvikle plan i samarbeid med felles trusopplæringsutval. I tillegg til dette skal dei gjennomføre konfirmanttimar i tre av sokna. Dei skal og planleggje, administrere, leggje til rette og vere med på gjennomføring av trusopplæringstiltak. Vidare er det tre sokneprestar på Bømlo, der ein av dei har eit særskilt ansvar for trusopplæring. Han har ei konfirmantgruppe på lik linje med kyrkjelydspedagogane. Det er også to kantorar, to sekretærar, diakonmedarbeidar og kyrkjevevjer. Alle dei nemnde har kontor og base på Rådhuset på Svortland.

Det er mange engasjerte frivillige medarbeidarar i kyrkjene på Bømlo, men vi ser også at det er svært viktig å få med mange nye i tilknytning til gjennomføring av lokale tiltaka i ei fornya trusopplæring.

For økonomisk oversikt sjå vedlegg Utdeling av materiell og Eigenandel til tiltak.

Alle tiltaka i planen skal vere starta i løpet av ein periode på fire år. Nokre av dei skal vere etablerte før me set i gong med nye. Tiltaka skal prøvast ut og endrast dersom dei ikkje fungerer. Sjå vedlegga Årshjulet og Årskalenderen som viser ein gradvis oppstart av tiltaka.

Sentrale dimensjonar i ei systematisk trusopplæring

Medverknad frå barn og unge	Mål: Barn og unge er aktive deltakarar i gjennomføring og noko av planlegginga av Tru:D. • Barna vert inkluderte i dei ulike fasane i trusopplæringa. Då får dei eigarskap og motivasjon. • Barna vert meir deltakande i planlegging etterkvart som dei vert eldre, sjå Tru:D8, Tru:D11 og Tru:D17. Me legg til rette for medverknad i planlegging, leiing, gjennomføring og evaluering. • Me tilbyr leiartrening til dei det høver for, men tek óg vare på dei som ikkje ynskjer å vera leiarar. Dette er svært viktig for ungdom i konfirmasjonsalder og oppover, og står i samanheng med allereie eksisterande tiltak, sjå Tru:D16. • I slutten av tenåra motiverer me til deltaking i val til sokneråd og bispedømeråd, sjå Tru:D17 og Tru:D18.
Samarbeid med heimen og familien	Mål: Me har eit aktivt samspel med heimen, der foreldre er engasjerte og opplever at heimen er den viktigaste arenaen for trusopplæring. • Foreldre er involverte i delar av gjennomføringa og evaluering av alle trusopplæringstiltak. Sjå Kommunikasjon. • Me bruker foreldre som vakter og praktiske medhjelparar under tiltaka. På Tru:D7-Tru:D12 bruker me foreldre til å lage mat og utføre andre oppgåver. På Tru:D15 bruker me foreldre som vakter på Konfirmantfestivalen. • Me avgrensar invitasjonen til borna og næraste familie, sidan det her me vil byggje relasjonar. • Fadrar vert involverte i Tru:D0 og Tru:D5. Me oppfordrar til å ta heile storfamilien med på gudsteneste. • Samarbeid og kontakt vert knytt gjennom brev, SMS, mail, Facebook og kyrkja si heimeside. Sjå Kommunikasjon. • Heimen er den viktigaste arenaen for trusopplæring, og det er viktig for oss å inspirere og informere på dette området sjå Tru:D0-Tru:D6 og Tru:D15 temakveld. • Me vil ha ei tidsmessig tilrettelegging på tiltaka våre, som høver for heimane. Eit eksempel er å leggje tiltak til planleggingsdagar i skuleåret, sjå Tru:D8 og Tru:D10. (I planen brukar me omgrepet foreldre, og reknar føresette under dette omgrepet) Vedlegg - Tiltaksbrosjyre.doc
Gudsteneste	Mål: Alle trusopplæringstiltaka har eitt eller fleire liturgiske ledd. Gudstenesta skal opplevast som eit trus- og læringsfellesskap. • På kvart Tru:D brukar me eitt eller fleire liturgiske ledd, for at barna skal verte kjende med Bibelen, bønner og gudstenesta. • Barna får delta aktivt i gudstenesta, som eit ledd i Tru:D0, Tru:D4, Tru:D6, Tru:D9, Tru:D11 og Tru:D15. • Kyrkjerommet er eit annleis rom. Dette opnar for læring som bind saman kunnskap, praksis og fellesskap. Me arbeider for at heile kyrkjelyden skal samlast sjølv om ulike trusopplæringstiltak pregar gudstenesta. Me varierer mellom ulike gudstenester og gir barn høvelege oppgåver. • Frå Tru:D15 og oppover er det utfordrande å samle dei til høgmesse søndag kl. 11. Me arbeider med alternative gudstenester for å inkludere ungdom, og for at dei skal kjenne seg heime óg i høgnessa. Oppstart hausten 2014. Vedlegg - Liturgiske element .doc
Oppfølging av frivillige medarbeidarar	Mål: Dei frivillige har kjennskap til planen og får plassere seg mest mogleg i sitt eige interesse- og kompetansefelt. • Frivillige medarbeidarar må inkluderast i planlegging av Tru:D. • Me har team som jobbar med Tru:D4, Tru:D9 og Tru:D11. I teama er det både tilsette og frivillige. Oppstart haust 2013. Me startar med dette og byggjer ut etter kvart. • Frå 2013 har alle sokneråd lokale TOL-utva. I kvart utval er det ein kyrkjelydspedagog. • Sokneråd og TOL-utval har ansvar for å finne frivillige til Tru:D. • Me samarbeider med representantar for dei ulike kristne organisasjonane. • For at barn og unge skal kjenne seg trygge i tiltaka, har me ein haldnings- og åtferdskontrakt. Vedlegg - Oppgåver til lokale Tol-utval 1.doc

Tverrfagleg samarbeid	Mål: Alle stabsmedlemmer er godt kjende med trusopplæringsplanen og har ansvar for kvar sitt område. • Ved at alle har sine oppgåver, vil dei ulike funksjonane i kyrkja møtast når det er naturleg. • I gudstenesta er me avhengige av at samspelet mellom desse funksjonane fungerer. • Under arbeid og førebuing vil relasjonar mellom stab, barn og foreldre oppstå. • Me jobbar for å leggje til rette for eit godt samspel mellom kompetansen både til dei tilsette og dei frivillige medarbeidarane. • Tilsette og frivillige har planleggingsmøte før gjennomføring, sjå rammefaktorar Tru:D9. Vedlegg - Vi skal planlegge eit tiltak.docx.doc
Samarbeid med b/u org	Mål: Kyrkja har god dialog og godt samarbeid med dei forskjellige organisasjonane og fortset dette samarbeidet i samband med trusopplæringa. • Det kristne barne- og ungdomsarbeidet har lange tradisjonar, med gode og trufaste medarbeidarar. Ein del leiarar og medarbeidarar i barne- og ungdomsarbeidet er allereie engasjerte i Tru:D. Eit samarbeid med desse er svært viktig. • Me spelar på lag med det kontinuerlege arbeidet når det gjeld Tru:D4 og Tru:D15. Dei er med og arrangerer breiddetiltak, og får dermed også vist sitt kontinuerlege tilbod. Det er då ein vinn – vinn situasjon der dei kontinuerlege tiltaka rekrutterer born til sine tiltak, og me får hjelp til å gjennomføre breiddetiltaka. • TOL-tiltak og det kontinuerlege arbeidet skal stimulere kvarandre. Vedlegg - Barne og ungdomarbeid på Bømlo.docx
Kommunikasjonsarbeid	Mål: Me har eit godt system på brev, SMS, e-post og liknande, som me bruker i kommunikasjon med foreldre, fadrar og etter kvart barna. • Før kvart Tru:D sender me invitasjon i posten til alle døypte medlemmer i den aldersgruppa me ynskjer å nå. Barna kjenner igjen breva dei får, det er gjenkjenneleg logo og layout, lik layout frå 2014. Brev skal ut i god tid før eit arrangement. Det kjem klart fram at det er sendt til alle døypte og tilhøyrande, men Tru:D er ope for alle i aldersgruppa. I brevet er det informasjon om arrangementet, som stad, klokkeslett og pris. • Kyrkjelydspedagog har ansvar for å sende ut alle invitasjonar, bortsett frå invitasjon til dåp. Denne har sekretær ansvar for. • Me har pressemelding i lokalavisa, informasjon på kyrkja si nettside og Facebookside for å nå dei som ikkje får brev. (Haust 2013) • I nokre invitasjonar er me tydelege på at det er behov for foreldremedhjelparar. Dette må svarast på ved påmelding av barnet. Sjå vedlegg til Tru:D 9 og Tru:D11. Påmelding på nett for alle frå 2014. • Me bruker dataprogrammet Medarbeidaren der me registrerer mobilnummer og e-postadresser til barn og foreldre. Dette gir tosidig kommunikasjon før og under Tru:D. Etter gjennomføring skjer evaluering via SMS og e-post. • Årshjulet for Tru:D heng i kyrkjene, slik at alle kan sjå kva månad kvart Tru:D er. (Frå 2014) • Me har ein brosjyre med oversikt over alle Tru:D. Denne vert sendt ut saman med invitasjon til dåp. Me skal óg nytta kunngjeringane i gudstenesta til å informere om Tru:D. TruD Mal.docx
Inkludering og tilrettelegging	Mål: Me vil leggje til rette for at personar med ulike behov, kjenner seg invitert og inkludert på lik linje med alle andre. • Hos oss er det rom for å informere om spesielle behov ved alle påmeldingar. Dette kjem óg fram i påmeldingsmodulen på nett og i brev. Til dømes vedlegg Konfirmantbrosjyren. • Me kommuniserer ut til tilsette ved helsestasjonane om individuell tilrettelegging. • Dialog med foreldra er viktig slik at dei som treng det skal få individuell tilrettelegging i tiltaket. Dette gjeld særleg i tiltak over ein lengre periode, og i tiltak der foreldre ikkje naturleg fylgjer barna sine, som Tru:D8- Tru:D18. • Me bruker læringsmetodar som tar i bruk fleire sansar, særleg på Tru:D babysong, Tru:D5, Tru:D8 og Tru:D15. Tiltaka skal vere tilrettelagde for alle. Her treng me fleire vaksne for å gjennomføre tiltaka.

Diakoni	Mål: Alle våre leiarar er bevisst på diakoni i alle tiltaka. • Me møter barn og unge som er i ulike livssituasjonar. På tiltaka skal fellesskapet vera prega av gjensidig omsorg, respekt og ansvar for kvarandre. • Me skal ha ein vaksen medhjelpar som har som oppgåve å sjå kvar enkelt. Den skal sjå det som er vanskeleg å oppdage i aktivitetar og i mengda. • Tru:D har 100 kr som maks eigenbetaling (i 2014). Tru:D15 er det einaste tiltaket med høgare eigenbetaling. • Me legg vekt på at diakoni er evangeliet i handling, mellom barn- barn, barn- vaksne, barn- verda. Det vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd, sjå Tru:D11. • Trusopplæringa skal stimulere og utfordre barn, unge og familiane deira til teneste og samfunnsengasjement, og rette søkjelyset mot moglege endringar når det gjeld forbruk, miljø og rettferd. Sjå Tru:D8 og Tru:D15. Vedlegg - Haldningskontrakt1.docx
Musikk og kultur	Mål: Me legg til rette for at kunst- og kulturuttrykk skal gi aktuelle og slitesterke bilete, ord og opplevingar knytte til trua og livet. • Gjennom arbeid med bibeltekstar, liturgi, salmar, dans og drama, både lærer og opplever me trua – og deler trua med andre. • Me bruker kunst- og kulturuttrykk når me formidler bibelforteljingar til barn, sjå Tru:D5 og Tru:D12. • Plan for kyrkjemusikk og trusopplæring skal hengje saman og gi barna både tradisjonelle og nye verdier. • Me har ein salmekanon for eininga vår som gir atkjenning gjennom trusopplæringa. Vedlegg - Salmekanon for Bømlo.doc
Misjon	Mål: Alle tiltaka våre har eit misjonaspekt • Misjon er eit uttrykk for identiteten til kyrkja, kva kyrkja er, og kva ho er til for. Misjon er å dele kyrkja sin bodskap og kyrkja sine materielle ressursar både lokalt og globalt. • I Tru:D tenkjer me misjon som å dele og lære barna om det som står i Bibelen. Me gjer barna merksame på at dei kan drive misjon blant venner og familie. Tru:D11, Tru:D13 og Tru:D15 er direkte knytte til misjon. • Alle kyrkjene har eit felles misjonsprosjekt. Dette prosjektet vert i større og mindre grad teke opp i alle tiltak. Oppstart 2014 Vedlegg - Misjonsprosjekt.doc

Alder	Namn på tiltak	Omfang i samvær	Omfang i timar
0 - 0	Tru:D Dåpssamtale	2	3
0 - 1	Tru:D Babysong	16	32
1 - 1	Tru:D1 Myldrekveld	1	1
2 - 2	Tru:D2 Myldrekveld med song i fokus	1	2
3 - 3	Tru:D3 Krøllekveld	1	2
4 - 4	Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok med førsamling	2	4
5 - 5	Tru:D5 Familiesamling med fadrar	1	2
6 - 6	Tru:D6 Skulestartmarkering og utdeling av barnebibel	1	2
7 - 7	Tru:D7 Filmkveld	1	2
8 - 8	Tru:D8 Uteaktivitet	1	6
9 - 9	Tru:D9 Tårnagenthelg	2	6
10 - 10	Tru:D10 Jubileum (dåp)	1	2
11 - 11	Tru:D11 LysVaken	1	8
12 - 12	Tru:D12 KodeB	1	6
13 - 13	Tru:D13 Moster	1	4
14 - 14	Tru:D14 Innskriving til konfirmasjon	1	1
14 - 15	Tru:D15 Konfirmanttida	30	65
16 - 16	Tru:D16 Open kyrkje	8	8

16 - 16	Tru:D16+ Pit stop	1	8
17 - 17	Tru:D17 Reunion	2	6
18 - 18	Tru:D18 18/30 ca vaksen	6	12

Tiltak i planen retta mot det einskilde alderstrinnet																			
Alder	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tiltak i planen retta mot det einskilde alderstrinnet	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2	1	2	1	1

Planlagt: Totalt kor mange tiltak: 21

Totalt kor mange timar: 182

Tiltak i ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alderen 0-18 år



Tru:D Dåpssamtale

Alder: 0 - 0 (2 Samvær, til saman 3 timar)

Mål	Dåpsfamilien: - får eit godt møte med kyrkja. - forstår kva dåpen og dåpsløftet handlar om. - får informasjon om trusopplæringa. - vert motiverte til trusopplæring i heimen.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	- Kva skjer når barnet blir døypt, og kva har det å seie for barnets liv? - Barnet vert teke inn i kyrkjelyden, medan foreldra skal kjenne at dei er ein del av kyrkjelyden.
	Tru og tradisjon i kyrkja	- Lat småbarna koma til meg: Mark 10, 13 – 16 - Den vesle bibel: Joh 3,16 - Misjonsbodet: Matt 28, 18-20
	Kristen tru i praksis	- Gudstenestefeiring - Be saman - Syng: *Det skjer et under i verden *Fylt av glede
Arbeidsmåtar	Invitasjon til dåp og InTro brosjyre vert sendt i posten. Dåpssamtale med presten. Informasjon om trusopplæringa. Dåpsbilete til foreldre. Utsending av brosjyre til fadrar.	
Ansvarleg	Prest, organist. Sekretær sender ut informasjon knytt til dåpen.	
Kommentar:	Dåpsbilete med bøn. Foreldra vel ei bøn dei ynskjer på samtalen og får den med seg. Me ynskjer tidleg å skape ein kultur hjå foreldra og fadrane at dei ber for barnet.	
Vedlegg 1:	Vedlegg - Tiltaksbrosjyre1.doc	



Tru:D Babysong

Alder: 0 - 1 (16 Samvær, til saman 32 timar)

Mål	-Barnet og foreldra får eit positivt gudsbilete. -Me byggjer nettverk mellom heim og kyrkje, og mellom heimane. -Barnet si språklege, musikalske og motoriske utvikling vert stimulert -Barnet og foreldra lærer ein variert songskatt. -Foreldra vert motiverte til trusopplæring i heimen.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Gi ord og tryggleik til å praktisere tru heime og i kyrkja. -Utvikla barnet si oppfatning av rom og kropp. -Medverke til positiv kontakt mellom barn og vaksne ved å stimulere dei vaksne til å syngje med barna sine. -Kristentrua har relevans for våre liv.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Skaparverket: Salme 139, 13-17 -Tru og tillit. -Velsigninga er fast, og brukast for å gjere det tydeleg at Gud alltid er klar til å møte oss med nåde. 4. Mos 6, 24 – 26
	Kristen tru i praksis	-Be, syngje og leike saman. -Me syng songar som: *Vi tar hverandres hender. *Velsignelsen *Eg faldar mine hender små *Vær meg nær, å Gud
Arbeidsmåtar	Me opnar kyrkja ein halv time før songstunda. Songstunda inneheld song, regler og lek. Etter songstunda har me måltidsfellesskap og meir småprat.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagog og frivillig medhjelpar til det praktiske før og etter samlinga.	
Kommentar:	Med babysong vil me skape eit tettare forhold mellom kyrkje og foreldra. Me byggjer også vidare på bruk av bøn i lag med barnet og foreldra.	
Vedlegg 1:	BABYSONG- brev til medl- våren 2013.doc	
Vedlegg 2:	PROGRAM BABYSONG Bremnes.docm	



Tru:D1 Myldrekveld

Alder: 1 - 1 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål	-Barnet og foreldra får gode bønnevanar. -Foreldra kan velsigninga. -Foreldra kjenner til kva det vil seie å be og kvifor det er viktig å be for barnet.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Gi ord og tryggleik til å praktisere tru heime og i kyrkja gjennom bøn og song. -Kva vil det seie å be for barnet?
	Tru og tradisjon i kyrkja	- Velsigninga er fast, og blir brukt for å gjere det tydeleg at Gud alltid er klar til å møte oss med nåde. 4. Mos 6, 24 – 26 -Salme 139, 13-17 -Lat småbarna koma til meg: Mark 10, 13 – 16
	Kristen tru i praksis	-Be saman. -Syng barnesongar: *Kjære Gud eg har det godt *Eg faldar mine hender små *Nå lukker seg mitt øye
Arbeidsmåtar	Me har ei samling i kyrkja med song, bøn og forteljing.	

Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og Myldre-team for Tru:D1-3
Kommentar:	Me sender ut smekker med bordvers i juni kvart år. Myldrekveld oppstart 2016
Vedlegg 1:	TruD 1 - Smikkebrev.docx



Tru:D2 Myldrekveld med song i fokus
Alder: 2 - 2 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	-Foreldre og barn får songglede, kjenner til nokre kristne barnesongar og opplever meistring. - Foreldra kjenner til tre songar dei kan bruke saman med barna.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Kva kan kristen song ha å seie for barnet sitt liv? -Medverke til positiv kontakt mellom barn og vaksne ved å stimulere dei vaksne til å syngje med barna sine.
	Tru og tradisjon i kyrkja	- Barnesongar - Jesus som venn: Sakkeus Luk 19, 1-10 - Jesus møter og er glad i menneske.
	Kristen tru i praksis	Syng: *Eg faldar mine hender små *Vær meg nær, å Gud *Kjære Gud, eg har det godt
Arbeidsmåtar	Me har ei samling i kyrkja med fokus på song og lek.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og Myldre-team for Tru:D1-3	
Kommentar:	På samlinga deler me ut T-skjorte bibelvers/religiøst innhald. Oppstart 2017	
Vedlegg 1:	TruD 2 - Myldrekveld.docx	



Tru:D3 Krøllekveld
Alder: 3 - 3 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	-Barna opplever glede rundt forteljingar. -Barna og føresette får lyst å lese bibelforteljingar. -Barna og føresette høyrer bibelforteljingar.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	- Lesing stimulerer til personleg og åndelig vekst. - Felles lesing og oppleving av ein tekst fører til samtale og refleksjon mellom føresette og barn. - Fokus på relasjonar og tilhøyrse.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Kristen barnelitteratur - Bibelen for dei små - Positiv barnelitteratur - Bibelforteljing: Sauen som vart funnen: Luk 15,1-7

	Kristen tru i praksis	-Les saman -Forteljing frå Bibelen og anna litteratur til hjelp, trøyst og rettleiing. - Tilgiving Syng: *Her går en trofast gjeter *Eg faldar mine hender små *Kjære Gud eg har det godt
Arbeidsmåtar	Fortelje barna ei bibelhistorie. Gi foreldra tips til kristen barnelitteratur. Kafé	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og Myldre-team for Tru:D1-3	
Kommentar:	Tripp Trapp klubben Bokklubbar Sunnbok Deler ut boka Lille sau går seg vill. Oppstart 2018	



Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok med førsamling
 Alder: 4 - 4 (2 Samvær, til saman 4 timar)

Mål	-Barna og føresette vert kjende med den lokale søndagsskulen. -Boka hjelper føresette til å lære barna om trua. -Boka bidreg til lesestunder og samtalar som vil gi trua ein synleg plass i heimen. -Barnet kjem fram og tek imot boka.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	Formidle bibelforteljingar, bønner og salmar til glede, trøyst og håp. Barnet skal kjenne at det høyrer til hos Gud og at det er ein del av kyrkja. -Kven er Jesus? -Tryggleiken som Jesus gir.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Fokuserer på bibelforteljingar om Jesus. Jesus stiller stormen Mark 4,35-41 Jesus settar fem tusen Matt 14 Sakkeus Luk 19, 1-10 Boka formidler kristne tema og tradisjonar.
	Kristen tru i praksis	-Bidra til at foreldre formidlar tru til eigne barn. -Syng songar dei brukar på søndagsskulen og song frå boka som høver til den valde bibelforteljinga. -Gudstenestefeiring utan nattverd Syng: *Eg faldar mine hender små *Eg er trygg hos deg *Jeg har en engel som følger meg
Arbeidsmåtar	Me startar tiltaket med ei samling for 4-åringane på laurdagen. Her har søndagsskulen ei samling. Dagen etter kjem dei til kyrkja og tek imot 4-årsboka.	
Ansvarleg	Prest, kyrkjelydspedagog og kyrkjevertar. Opplegget på laurdagen er utarbeida av søndagsskulen. Prest og/eller organist er innom på laurdagen, men dei har fokus på det som skal skje på søndagen.	
Kommentar:	Me startar tiltaket med ei samling for 4-åringane på laurdagen. Denne samlinga har søndagsskulen ansvaret for. Dagen etter kjem dei til kyrkja og tek imot 4-årsboka.	
Vedlegg 1:	brev til Moster 2012.doc	

**Tru:D5 Familiesamling med fadrar**

Alder: 5 - 5 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	-Barnet opplever påskeforteljinga saman med ein fadder eller forelder. -Barnet veit kvifor me feirar nattverd. -I invitasjonen er det informasjon til foreldra om nattverden.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Barnet og fadderen får kjennskap til at Jesus døydde for akkurat dei. -Død og håp -Tilgjjeving og forsoning -Barnet forstår ein del av påskeforteljinga.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Jesus rid inn i Jerusalem: Luk 19,28-39 -Nattverden: Matt 26,17-28 -I Getsemane: Matt 26,36-38 -Jesus blir teken til fange: Matt 26,47-50 -Jesus for Pilatus: Matt 27,11-26 -Jesus døyr og vert gravlagd: Matt 27,45-60 -Jesus står opp: Matt 28,1-10
	Kristen tru i praksis	Syng: *På Golgata stod det et kors *Eg er trygg hos deg. *Dei trudde at Jesus var borte
Arbeidsmåtar	-Påskevandring. Bruke ulike metodar f eks gudsrikeleiken, drama, song, smake på oblat og vin. -Dele i grupper; samtale, teikne, forme.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og prest.	
Kommentar:	Me bruker metodar der barna må bruke ulike sansar. Oppstart 2018	

**Tru:D6 Skulestartmarkering og utdeling av barnebibel**

Alder: 6 - 6 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	-Barnet opplever ein viktig overgangsfase i barnet livet sitt. -Barnet vert kjend med ei forteljing i Bibelen. -Delta i gudsteneste, barnet kjenner til gudstenesta.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Erfare det kristne fellesskapet og gudstenestefellesskap. -Stimulere til personleg og åndeleg vekst.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Gjennom Bibelen og gudstenestefeiring lærer barna om den treeinige Gud. -Nattverd er nådemiddel og grunnlag for trua. -Gud er med meg i kvardagen. -Bibelforteljing frå Bibelen for dei små Noahs ark 1.Mos 6-9 Ei ny heim (Abraham) 1. Mos 12-17 Krukke med olje 2. Kong 4, 1-7
	Kristen tru i praksis	-Gudstenestefeiring m/nattverd Syng: *Når vi deler det brød *Jeg har en engel som følger meg *Ingen er så trygg i fare

Arbeidsmåtar	Utdeling av «Bibelen for dei små» i ei gudsteneste. Barnet kjem fram og kneler ved alterringen, vert velsigna.
Ansvarleg	Prest, kyrkjelydspedagog og kyrkjevertar.
Kommentar:	Barnebibel utdelt i gudstenesta Blyant og viskelær i vedlagt invitasjonen
Vedlegg 1:	Invitasjon Bremnes 2012.doc



Tru:D7 Filmkveld

Alder: 7 - 7 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	-Barna får kunnskap om Jesus som menneske og Guds son -Barna kjenner til nokre likningar og under	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Tilgjeving og forsoning -Tru og tvil -Kva er sant og viktig?
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Forteljingar frå Jesu liv: Jesus metter fem tusen, Jesus går på vatnet: Joh 6,1-35 -Jesu likningar: Ein far som ventar: Luk 15, 11-32 -Undervisninga hans om Guds rike: Bergpreika: Luk 6,20-49
	Kristen tru i praksis	- Vere tilgjeven og å tilgje
Arbeidsmåtar	Vise filmen: Historien om Jesus for barn	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar	
Kommentar:	Foreldremedhjelparar Oppstart 2015	



Tru:D8 Uteaktivitet

Alder: 8 - 8 (1 Samvær, til saman 6 timar)

Mål	-Barnet veit at naturen er Guds skaparverk. -Barnet lagar noko i naturen som uttrykk for tru. -Barna opplever mangfaldet naturen har å by på. -Barnet veit at jorda «går i arv»	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Stimulere til ansvarleg livsførsel. -Utfordre til etisk refleksjon og handling. -Samtale om ressursforvaltning og forbruk -Oppleve naturen som viktig for psykisk og fysisk helse.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Guds omsorg for verda og skaparverket: 1.Mos 1 -Forvaltansvar: Farao sin draum og Josef som tyder: 1.Mosebok 41, 25-36. Tienden: 5. Mos. 14, 28-29 -Takk og glede for skaparverket: Marias lovsong: Lukas 1,49-53

	Kristen tru i praksis Bruke Bibelen som rettleiing for: -Vern om skaparverket -Etiske spørsmål rundt forbruk og fordeling. -Korleis leve berekraftig? Syng: *Gud, pass på vår jord *Takk, gode Gud, for alle ting *Mange bord rundt samme bord
Arbeidsmåtar	Bruke ulike metodar: fortelje, lage noko, song.
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar, diakon og frivillige.
Kommentar:	Foreldremedhjelparar Me bruker metodar som stimulerer ulike sansar. Oppstart 2016



Tru:D9 Tårnagenthelg
Alder: 9 - 9 (2 Samvær, til saman 6 timar)

Mål	-Gjennom bibelforteljingar, utforsking av kyrkja og klokketårn skal barna saman løyse oppdrag og mysterier. -Barnet kjenner til ulike plassar i kyrkja. -Barna opplever spenninga knytt til bibelforteljing, kyrkjesetet og fellesskap. -Bibelforteljingane er konkret knytte til handling og kvardagen til barna.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Å kjenne at eg høyrer til hos Gud -Opplive at kyrkja er mitt hus.
	Tru og tradisjon i kyrkja	Symbol i kyrkja. -Agenttips: -Bed så skal de få: Matt 7,7 -Den gyldne regel: Matt 7,12 -Flukta: Matt.2.13-23 -Den bortkomne leiraren: Luk 24.36-43. -Den mystiske gåva: Pinse Apg 2, 1-13 -Den gode hyrde: Joh 10
	Kristen tru i praksis	-Praktisere trua si gjennom aktiv deltaking i kyrkja. -syng: *Tårnagentsangen *Herren er Gud *Når vi deler det brød *Vårt alterbord Øve til gudstenesta -Gudstenestefeiring m/nattverd
Arbeidsmåtar	Forteljing. Symboljakt med arbeidsoppgåver. Måltid. Gudsteneste	
Ansvarleg	Tårnagnet-team i kvart sokn og kyrkjelydspedagog, prest og kantor.	
Kommentar:	Foreldremedhjelparar Me deler ut buff og nøkkelband.	
Vedlegg 1:	TruD 9 -Tårnagent.docx	
Vedlegg 2:	invitasjon64.doc	

Vedlegg 3:	Tidsplan tårnagentar.doc
Vedlegg 4:	Diplom12.doc
Vedlegg 5:	Evaluering tårnagentar 2013.docx



Tru:D10 Jubileum (dåp)

Alder: 10 - 10 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	-Barnet opplever at dåpen har noko å seie for deira liv.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-finne eit språk for si eiga livs- og trushistorie i lys av trua på den treeinige Gud som dei er døypte til. -samtale
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Abraham 1.Mos 12-21 -Dåpen som nådemiddel og grunnlag for trua. -Krossmerket i dåpen og i kvardagen. -Den nye pakta mellom Gud og menneske. -Lat småbarna koma til meg: Mark 10, 13 – 16 -Nikodemus: Joh 2, 23-3, 21 -Den vesle Bibel: Joh 3,16 - Misjonsbodet: Matt 28, 18-20
	Kristen tru i praksis	-ritual der kristen tru vert uttrykt -snakka om dåpsliturgien -syng: *Det skjer et under i verden *Amazing grace/Å, nåde underfull *Herren er Gud *Jeg er i Herrens hender
Arbeidsmåtar	Bursdagsfest i kyrkja	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og frivillige.	
Kommentar:	Foreldremdhjelparar Utdeling av Tegneseriebibelen IKO forlag Oppstart 2016	



Tru:D11 LysVaken

Alder: 11 - 11 (1 Samvær, til saman 8 timar)

Mål	-Barnet opplever verdien av å vere vaken overfor Gud, kvarandre og seg sjølv. -Barnet har kunnskap om at Gud er LysVaken for dei.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	Erfare evangeliet. Snakke om tru. Vennskap og relasjonar Kva er sant og viktig?
	Tru og tradisjon i kyrkja	Bibelen - Guds ord til oss menneske. Bruke ulike bønner: bordsbøn, kveldsbøn, liturgisk bøn, personleg, fri bøn. -Jesus som 12-åring i tempelet: Luk 2,41-52 -Samuel i tempelet: 1.Sam 3, 1-19 -Dei ti brurejentene: Matt 25, 1-13 -Den aktuelle tekst for søndagen.

	Kristen tru i praksis Be bøner. Øve til gudstenesta Syng: *Lys vaken-songen *Når vi deler det brød *Vårt alterbord *Da jeg trengte en neste *Noen må våke -Gudstenestefeiring m/nattverd
Arbeidsmåtar	Forteljing. Samtale. Måltid. Aktivitet Overnatting i kyrkja. Gudsteneste
Ansvarleg	LysVaken-team, kyrkjelydspedagogar, prest, kantor og diakon.
Kommentar:	Foreldremedhjelparar
Vedlegg 1:	TruD 11 - Lys Vaken.docx
Vedlegg 2:	Invitasjon6.docx
Vedlegg 3:	Pakkeliste1.docx
Vedlegg 4:	Evaluering LysVaken 12.docx
Vedlegg 5:	Budsjett.docx



Tru:D12 KodeB

Alder: 12 - 12 (1 Samvær, til saman 6 timar)

Mål	-Barnet opplever at Bibelen er ei rik og spanande bok som gir meining for livet. -Barnet kjenner til korleis Bibelen er bygd opp. -Barnet kan slå opp i Bibelen. -Barnet kan den raude tråden gjennom Bibelen.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	Kvar kjem eg frå? Kva er sant og viktig?
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Skapinga: 1.Mos 1 -Babels tårn: 1.Mos 11, 1-9 -Moses 2.Mos -Dei ti bud: 2.Mos 20, 1-17 -Jesus blir fødd: Luk 2, 1-20 -Jesus og læresveinane -Det doble kjærleiksbodet: Matt 22, 37-40
	Kristen tru i praksis	Bruke Bibelen som hjelp, trøyst, rettleiing og inspirasjon. Syng: *KodeB-songen *Let my people go *Kven er han som bur i stjernehall?
Arbeidsmåtar	Forteljing, samtale, oppgåver, aktivitet, måltid. Planleggingsdag på vinteren.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og frivillige.	
Kommentar:	Foreldremedhjelparar Oppstart 2017	



Tru:D13 Moster

Alder: 13 - 13 (1 Samvær, til saman 4 timar)

Mål	-Barnet kjenner til kva ordet misjon tyder. -Dei kan misjonsbodet og i korte trekk fortelje kvifor vi feirer pinse. -Barnet veit at det er viktig å fortelje andre om Jesus.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Få innblikk i kva det vil seie å drive misjon. -Barna skal få innblikk i at Moster har ei sentral rolle i vår historie, og at vi alle har ei rolle i verdshistoria.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Kyrkjehistorie -Kyrkjeåret -Pinse Apg 2, 1-13 -Misjonsbodet Matt 28, 16-20
	Kristen tru i praksis	-Fortelja andre om Jesus. (Misjon) -Ber Syng: *Eg er trygg hos deg (Variasjonar) *Gud du er rik *Din rikssak, Jesus, være skal
Arbeidsmåtar	På Moster, utfordre misjonsorganisasjonane. Har ei samling på Moster der me fortel om kva det vil seie å drive misjon.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar, prest, kantor, diakon og frivillige.	
Kommentar:	Foreldremedhjelparar Oppstart 2018	



Tru:D14 Innskriving til konfirmasjon

Alder: 14 - 14 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål	-Skapa forventning til det komande konfirmantåret. -Barn og foreldre veit kva eit konfirmantår inneber. -Jesus som ven.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Me snakkar om kva det vil seie å vere konfirmant.
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Konfirmasjon – tyding og innhald. -Bruke bilete med bibelvers på PowerPoint.
	Kristen tru i praksis	- Informasjon om konfirmantåret. - Fadervår
Arbeidsmåtar	PowerPoint og høve til å stille spørsmål til opplegget.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar, prest og frivillige.	
Kommentar:	Me ønskjer å førebu ungdomen på konfirmantåret.	
Vedlegg 1:	Invitasjonsbrosjyre- Bremnes.doc	
Vedlegg 2:	Invitasjonsbrosjyre- Bømlo.doc	
Vedlegg 3:	Invitasjonsbrosjyre- Lykling.doc	
Vedlegg 4:	Invitasjonsbrosjyre- Moster.doc	

**Tru:D15 Konfirmanttida**

Alder: 14 - 15 (30 Samvær, til saman 65 timar)

Mål	Målet for konfirmanttida har me henta frå Plan for Trusopplæring: "Å vekkje og styrkje trua som blir gitt i dåpen, slik at dei unge kan leve i forsaking og tru, tilbeding og teneste som Jesu Kristi disiplar i heim, kyrkjelyd og samfunn." Me har nokre delmål: -Konfirmanten kan slå opp i Bibelen, bruker Bibelen i kvar undervisning, har høyrte heile Markusevangeliet og er motivert til å lese i Bibelen. -Konfirmanten vert ført inn i kristent arbeid og dei får tilhøyrse. -Konfirmanten kan Den Apostoliske Truvedkjenninga, Fadervår, Den gyldne regel, Den vesle Bibel og Det doble kjærleiksbodet. -Konfirmanten er kjend med innhald og form på gudstenesta. -Konfirmanten er ein del av eit kyrkjefellesskap, vert sett og har gode opplevingar i eit trygt miljø. -Konfirmanten veit kva sakramenta tyder og er trygg på å gå til nattverd. -Konfirmanten er motivert til å delta på Tru:D16-18. -Nokre konfirantar deltek i frivillig arbeid etter konfirmanttida.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	Gjennom refleksjon, kunnskap og erfaringar skal konfirmanten sjå livet sitt i lys av kristen tru. Kva er meininga med livet? Kva er sant og viktig? Kven er eg? Kropp, sjølvbilete og seksualitet – kva seier Bibelen om det? Og kvifor skal eg høyre på det i dag? Bli trygg på eiga tru. Ressursforvaltning og forbruk.
	Tru og tradisjon i kyrkja	Bibelen Fadervår Truvedkjenning Sjå vedlegg: Innholdsplan i konfirmanttida
	Kristen tru i praksis	Bøn Bibellesing Gudstenestefeiring Ulike uttrykksformer for tru, tvil, tilbeding, glede og klage gjennom salmar, lovsong, musikk og andre kulturuttrykk. Etikk
Arbeidsmåtar	Alle konfirantar deltek på konfirmantleir med to overnattingar. 10 gudstenester, 15 undervisningsøktar, miljøtiltak, 1 temasamling med foreldre, innsamlingsaksjon til KN og Konfirmantfestival. Konfirmantforeldre er med som vakt og hjelparar under konfirmantfestivalen. Dei er òg med på fasteaksjonen. Undervisninga føregår i den lokale kyrkja til konfirmanten. Kyrkjelydspedagogane og ein prest har ansvar for kvar sine konfirmantgrupper. Dei andre prestane er med i større eller mindre grad. I undervisninga bruker me faste liturgiske ledd: Bibellesing, bønn, Fadervår, Truvedkjenninga og Velsinginga (sjå vedlegg under sentrale dimensjonar). Me skal bruka Markusevangeliet som langlesing i konfirmanttida.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar, prest, kantor og diakon.	

Kommentar:	Materiell til bruk i konfirmanttida Konfirmantane betalar konfirmantkontingent på kr 1700,- (pr.2013). Dette dekkjer det meste av det dei får utdelt og er med på i konfirmanttida (konfirmantbibelen, Con Dios, leir, konfirmantfestival og stell av kapper). Soknerådet gir andaktsboka «En helt overkommelig bibel» av Knut Tveitereid.
Vedlegg 1:	Vedlegg - Konfirmantplan1.doc
Vedlegg 2:	Budsjett for kvar av konfirmantane.doc
Vedlegg 3:	Leirprogram til deltakarane.doc
Vedlegg 4:	GR. A Laila.doc
Vedlegg 5:	Invitasjon til foreldresamling.doc



Tru:D16 Open kyrkje

Alder: 16 - 16 (8 Samvær, til saman 8 timar)

Mål	-Oppleva kyrkja som open, og ein god plass å vera. -Halde kontakten med ungdommen etter konfirmanttida. -Arena for å motivere til å delta på andre tiltak	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Ein arena for samtale
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Oppleva kyrkja som si, ein stad dei kan kome til.
	Kristen tru i praksis	-Bønn -Diakoni -Omsorg og gjestmildskap -Samtale
Arbeidsmåtar	Open kyrkje rett etter skuletid med sal av mat.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar og frivillige.	
Kommentar:	Lågterskeltilbod som i utgangspunktet ikkje set krav til meir enn berre å kome. Oppstart i Bremnes, med mogleg utviding til Moster og Bømlo. Oppstart 2014	
Vedlegg 1:	TruD 16 - Open kyrkje.docx	



Tru:D16+ Pit stop

Alder: 16 - 16 (1 Samvær, til saman 8 timar)

Mål	-Ungdommen kjenner at dei har eit fellesskap i Kristus, og med kvarandre. -Ungdommen ser andre kristne ungdommar i ein større samanheng.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Stimulere allmenndanning, personleg og åndeleg vekst. -Ein arena for samtale.
	Tru og tradisjon i kyrkja	Tema varierer frå år til år. Tema 2013: - Kristen kvar dag - Korleis viser det at eg er kristen? - Kven trur du at du er? – med fokus på sjølvkjensle og sjølvbilete. - Everybody hurts! – Kor er Gud midt i alt det

		vonde? - Loff eller grovbrød? – Korleis få åndeleg mat gjennom Bibel og bønn?
	Kristen tru i praksis	-Bruke Bibelen -Bønn
Arbeidsmåtar	Seminar. Invitasjon med informasjon om fellesreis til Stord.	
Ansvarleg	Indremisjonen i samarbeid med kyrkjelydspedagogar og prest.	
Kommentar:	Dette er eit ungdomsarrangement i regi av Indremisjonen. Arrangementet går over fleire dagar. Me arrangerer fellesreis ein dag.	
Vedlegg 1:	TruD 16 pluss - Pit Stop.docx	
Vedlegg 2:	Vedlegg - Pit stop.pdf	



Tru:D17 Reunion

Alder: 17 - 17 (2 Samvær, til saman 6 timar)

Mål	-Ungdommen kjenner at dei har eit fellesskap i Kristus, og med kvarandre. -Undrar seg over kva Jesus har å seie for livet deira. -Kva retningslinjer kristenlivet gir, etikk. -Sjå tilbake på eit flott konfirmantår. -Kan det doble kjærleiksbodet.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Uttrykkje si kristne tru. -Kva har Jesus å seie for mitt liv. -Vennskap og relasjonar -Sjølvkjensle og tilhøyrse -Tilgjeving
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Kyrkja og fellesskapet. Apg 2,42-47 -Søk først Guds rike Matt 6,33 -Den miskunnsame samaritan Luk 10,25-37 -Det doble kjærleiksbodet Matt 22,37-40
	Kristen tru i praksis	-Kristen etikk -Medarbeidarskap -Gudstenestefeiring m/nattverd Syng: *Når vi deler det brød *Vårt alterbord *Vi rekker våre hender frem *Jeg er i Herrens hender *O, bli hos meg
Arbeidsmåtar	-Lokal reunionsfest. -Bilete frå konfirmantåret. -Samtalar om tema frå konfirmantåret. -Mimrer. -Lovsong	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar, prest, kontor og frivillige.	
Kommentar:	Nokre ungdommar er med i planlegging av samlinga. Ungdommen kjem saman to år etter konfirmanttida, der me mimrer, har ei andaktsstund, måltid. Ungdommen vert introdusert for leiartrening og kontinuerlege tiltak som føregår i deira alderstrinn. Til dømes U-Alpha. Me motiverer til deltaking i val til sokneråd og bispedømeråd. Oppstart 2014	
Vedlegg 1:	TruD 17 - Reunion.docx	



Tru:D18 18/30 ca vaksen
Alder: 18 - 18 (6 Samvær, til saman 12 timar)

Mål	-Går i djupna på kristen etikk. Kvifor skal me leva etter Bibelen? -Er motiverte til å finne ut meir av kva dei vil med livet sitt, og kva forhold dei ønskjer å ha til Jesus. -Engasjerer seg i ei bibelgruppe eller anna kristent fellesskap. -Er utfordra til å setje ord på si eiga tru.	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	-Kropp og sjølvbilete. -Vårt forhold til oss sjølve og til andre. -Kva vil eg med livet mitt?
	Tru og tradisjon i kyrkja	-Bibelen -Kom til meg Matt 11,28-30 -Guds fulle rustning Ef 6,10-18 -Legg din veg i Herrens hand Sal 37,5 -Ver ikkje urolege for noko Fil 4,6f -Kjærleikens høgsong 1 Kor 13
	Kristen tru i praksis	-Praktisk kristenliv -Verdifull for Gud -Praktisering av kristen etikk -Medarbeidarskap/ deltaking -Bibellesing -Bibelgruppe/fellesskap
Arbeidsmåtar	Bruke materiell henta frå Liv, Fiber, Alfa. -Lovsong -Film med tilhøyrande drøftingar. -Quiz -Ønskjer å få opp engasjementet til å finne ut meir sjølv og i bibel- fellesskap. Dra dei inn i kontinuerleg arbeid.	
Ansvarleg	18/30 team i samarbeid med U-Alpha	
Kommentar:	Ønskjer å ha samlingar som opnar for meir samtale og undring. Me motiverer til deltaking i val til sokneråd og bispedømeråd 6 samlingar i året. Første torsdag i månaden. 3 månadar på rad på haust og 3 på våren. Oppstart 2017	
Vedlegg 1:	TruD 18 - Ca vaksen.docx	

Andre tilbod til barn og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar



Sjå Sentrale dimensjonar, vedlegg til Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar
Alder: 0 - 18

[Utskriftsvennlig versjon \(pdf\)](#)